
Saknr: 2020/47493-2
Saksbehandlar Åge Avedal
Dato: 14.04.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Studieforbunda og vaksenopplæring som verkemiddel i koronasituasjonen

Vaksenopplæringsforbundet (VOFO) er interesseorganisasjon for 14 godkjente studieforbund i Norge. Studieforbunda bidrar til organisert opplæring i nærmare 500 frivillige og ideelle organisasjonar. Studieforbunda tilbyr m.a. kurs for fagbrev, fagskule, etter- og vidareutdanning, universitets- og høgskulefag og ikkje-formell utdanning innan mange fag og interesseområde.

Koronasituasjonen i Norge medfører store samfunnsutfordringar innan både arbeidslivet og i frivillig sektor. Mange er permittert eller sagt opp som følgje av dei økonomiske nedgangstidene og tiltaka knytt til smitteavgrensing. Tilbod om vaksenopplæring kan gje folk høve til å omstille seg og motverke negative konsekvensar av situasjonen. For ein del kan ein få høve til å oppdatere kompetansen, ta opp igjen skulefag eller fullføre utdanning. Dette vil gjere dei betre rusta når dei skal tilbake i jobb.

Studieforbunda tilbyr opplæring innan mange ulike fag og disiplinær og har solid erfaring med å nytte digitale kanalar i kursverksemda. Studieforbunda er klar til å vere medspelar for det offentlege i arbeidet med å få fleire tilbake i jobb.